



Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/182 - 19/14839

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:
28.06.2019


Godkjenning- endringsløyve - VA-trase - gbnr 23/526 Frekhaug

Administrativt vedtak. Saknr: 150/2019
Tiltakshavar: Meland kommune
Ansvarleg søkjar: Norconsult AS
Søknadstype: Søknad om ending av løyve til tiltak etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3/20-4

Tiltak

Saka gjeld søknad om endring av gitt løyve til etablering av kommunal VA-trase og fortau, jf. vedtak datert 11.03.19. Endringa gjeld utforming av VA-trase ved gbnr 23/449, 23/487 og 23/486.

Tidligere situasjon:



Ny situasjon:



Det vert elles vist til søknad mottatt 19.06.19.

Sakshandsamingsfrist

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 19.06.19 og frist for sakshandsaming er 12 veker, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 21-7 8.ledd.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla til næraste naboar i samsvar med pbl. § 21-3.

I medhald av reglane i pbl. § 21-3 andre ledd vert det gjeve fritak for varsling til andre eigarane då kommune finn at deira interesser ikkje vert råka av arbeidet.

Lov- og plangrunnlag:

Området er omfatta av Reguleringsplan for Frekhaug aust, planid: 125619930624. Tiltaket er omsøkt på eit areal som er sett av til gang- og sykkelveg/fortau i reguleringsplanen.

Plassering av vassleidning er «tiltak» etter plan- og bygningslova § 20-1 bokstav a), og er søknadspliktig med krav om ansvarleg føretak, jf. pbl §§ 20-3, jf. 20-2.

Tiltaket er omsøkt plassert i samband med etablering av nytt fortau langs Mjåtveitvegen.

Plassering:

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 29.03.19. Tiltaket ligg på kommunalt grunn gbnr 23/526 og gbnr 23/4.

VEDTAK:

«Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 a) jf. § 20-3/20-4 vert det gjeve løyve til endring av tiltak i samsvar med søknad og på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan mottatt 19.06.19, jf. pbl. § 29-4/SAK § 6-3.
2. Vilkår som er gitt i vedtak datert 11.03.19 administrativt vedtak saksnr. 19/182 gjeld.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 19/182.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar, byggesaksansvarleg

Larissa Dahl
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedlegg D - Kart
Vedlegg G - Gjennomføringsplan

Kopi til:

Harry Finseth

Mottakarar:

Meland kommune	Postboks 79	5906	FREKHAUG
Norconsult AS	Postboks 626	1303	SANDVIKA